



Nr. 252 – 2002

**Synnøve Holsen og Eli Janette Fosso**

**Migrasjon og romlege representasjonar – ein eksempelstudie av migrasjonspraksisar og -prosessar eit spansk kystsamfunn**

**Summary**

This paper argues that migration must be understood as social and spatial practices. This understanding emphasises both the migrant's and places' biography, which means that migration must be related to the narrative of place, space and identity. The theoretical discussion is exemplified in a case study of long distance migration (emigration) from a costal fishing community in northwest Spain. The focus of the analysis is on how migrants categorize the place where they grew up in relation to other spaces and how representations of local and distant space are constituted as hegemonic meanings of structures and symbols through different local practices.

Notatet vart presentert som foredrag på Norsk Geografisk Selskap sin årlege konferanse i Trondheim 5. – 6. april 2002.

e-postadresser: [eli.fosso@geog.uib.no](mailto:eli.fosso@geog.uib.no) [synnove\\_h@hotmail.com](mailto:synnove_h@hotmail.com)

# **Migrasjon og romlege representasjonar – ein eksempelstudie av migrasjonspraksisar og -prosessar eit spansk kystsamfunn**

Holsen, Synnøve og Eli Janette Fosso  
Institutt for geografi, Universitetet i Bergen

## **Innleiing**

Denne artikkelen diskuterer og analyserer fenomenet migrasjon som ei biografisk erfart og uttrykt praksisform. Teoretisk tar artikkelen utgangspunkt i tradisjonelle forståingar av migrasjon, men fyrst og fremst vert det argumentert for ei kontekstuell og prosessuell tilnærming – ei tilnærming som óg tek omsyn til den meining som vert knytt til valet om å migrere. Dei teoretiske diskusjonane vert eksemplifisert gjennom ei analyse av migrasjonspraksisar blant eit utval migrantar frå kyst- og fiskerisamfunnet Muros i den nordvestlege delen av Spania (Holsen 2001). Teoretisk og empirisk søker artikkelen forståing av kvifor migrasjon oppstår, kva for meiningar som er knytt til migrasjonspraksisar og korleis meiningar vert konstruert og konstituert i ein romleg kontekst – ein kontekst som migrantane både brukar og produserar i sine kvardagslege praksisar. Artikkelen diskuterer òg den innverknaden migrantar sine forhold og relasjonar til heimstaden har i forståinga av kvifor mange vel å flytte tilbake til heimstaden. I tillegg viser diskusjonane til den innverknad tilbakeflyttarane si kvardagspraksis får for produksjon av meining knytt til migrasjon og for produksjon av nye migrantar på staden.

## **Teoretisk tilnærming til migrasjon**

Migrasjon som geografisk forskingsobjekt har tradisjonelt vore deskriptiv i si form, og knytt opp mot romlege skildringar av migrasjonsprosessar. Seinare, gjennom neoklassiske økonomiske og åtferdsteoretiske tilnærmingar, vart det likevel utvikla meir avanserte tilnærmingar og modellar i migrasjonsforskninga – modellar som både var av beskrivande og forklarande karakter. Felles målesetting for dei tidlege tradisjonane var lovsøking og generalisering av forskingsresultata. Teoretiske debattar og forankringar var derimot stort sett fråverande. Sentrale spørsmål var heller knytt til metodologi og teknikkar til å kunna framskaffe, måle og årsaksforklara konkrete flyttingar.

Sjølv om teoretiske debattar var underordna andre spørsmål, ligg det likevel eit vitskapsideal i botn av tilnærminga, og gjennom heile faghistoria har dei filosofiske og metodologiske

vitskapsideala vore prega av ein serie dikotomiar (White 1980). I fylje Boyle, Halfacree & Robinson (1998) har migrasjonsforskinga vore dominert av på den eine sida forskarar som var opptekne av enkeltmigrantar og deira avgjer om å migrere, og på den andre sida forskarar som søkte årsaker til migrasjon i drivkrefter og strukturar (Sjå óg Blotevogel og Fielding 1997).

Ein annan dikotomi er knytt til skilnaden mellom deterministiske og humanistiske omgrep og vinklingar. I ei deterministisk tankegong har migranten få eller ingen alternative val i den migrasjonskonteksten vedkomande står i, og migrasjon vert forstått som ei form for tvang. Både dei neoklassiske og strukturmarxistiske teoriane er prega av slike forståingar (Peet 1998). For humanistiske tilnærmingar vert derimot migranten oppfatta som ein som gjer sjølvstendige val, og desse vala kan berre forklarast av den involverte migranten. Med dette oppstod nok ein dikotomi i debattane - mellom djupintervju på den eine sida og handsaming av breidt og generaliserbart statistisk materiale på den andre.

Uavhengig av skilnader i vitskapsteoretisk og metodologisk ståstad har den romlege dimensjonen alltid stått sentralt i geografisk migrasjonsforsking. I dei neoklassiske modellane var grunntanken at menneska responderar med migrasjon på romlege skilnader i arbeidsmarknaden – enten fordi arbeidsmarknaden har eit behov for dei som arbeidskraft, eller fordi mennesket som økonomisk og rasjonell aktør kan oppnå økonomiske vinningar gjennom romlege flyttingar.

Dei åtferdsteoretiske tilnærmingane til migrasjon var sterkt kritiske til det romlege analyseperspektivet som dei neoklassiske modellane la til grunn. Likevel er den romlege dimensjonen sentral også for åtferdsteoretikarane. Men i staden for å vera opptekne av det umiddelbart synlege og målbare *i rommet* sette dei heller fokus på mekanismar som ligg bak *handlinga*. Slik kom den menneskelege handlingsdimensjonen inn i den geografiske migrasjonsforståinga, og samtidig førte åtferdsteoretikarane inn ei erkjenning av at rom ikkje berre handlar om avstandar, men og om preferansar, stimuli og subjektive evalueringar (Boyle, Halfacree & Robinson 1998). Rommet si tyding i migrasjonsprosessen vart for mange forankra i Wolpert (1965) sitt omgrep om *"place utility"*, definert som: *"the net composite of utilities which are derived from the individual's integration at some time and space... (it) may be expressed as a positive or negative quality, expressing respectively the individual's satisfaction or dissatisfaction with respect to that place"* (1965:60).

Tanken med "staden si nytte" er at menneska vil migrere til den staden der flest "nyttegjenstandar" er tilgjengelige, og nytte omfattar no langt meir enn økonomiske vinningar. Menneska kunne heller ikkje handsamast som rasjonelle aktørar slik dei vart forstått i tidlegare humankapitalteoriar. I staden for å vera på søken etter det *optimale* er menneska *nøgde* i relasjon til større "situasjonar". Men teoriane sa lite om kva for situasjonar og kva for relasjonar vurderingane om å vera "nøgd" inngjekk i.

Eit anna nyvinnande element i dei åtferdsteoretiske tilnærmingane var at migrasjon vart forstått som ein *prosess av avgjersler* som kunne forankrast til eit breiare spekter av subjektiv søken etter *kvardagskvalitetar*. Avgjerda handla ikkje berre om ei rasjonell søken etter arbeid og betre lønningar. Lee (1966) sin teori om migrasjon som ei handling koplta til ei rekke "push og pull" - faktorar på avreisestad og tilreisestad i tillegg til andre mellomliggande romlege hindringar er eksempel på korleis forståinga av migrasjon som ein romleg prosess av avgjersler vart utvida. Lee sin teori set migrasjon i samband med fleire romlege relasjonar; til dømes relasjonar mellom opplevingar på "avreise- og tilreisestad" saman med opplevingar og vurderingar av andre stader som er mogleg å velja.

Sjølv om både nye moment og nye forståingar gradvis har vorte tilført migrasjonsforskinga, lir dei fleste nyvinningar av ei misoppfatta subjekt- og romforståing i tillegg til eit uavklart teoretisk problem om relasjonane mellom menneska og rommet (Boyle, Halfacree & Robinson 1998). Langt på veg vart menneska forstått som lausreve frå både samfunnsmessige, romlege og sosiale koplingar.

Nærare relasjonar mellom individ og samfunn vart derimot innført med kritisk geografi og strukturalisme. Migrasjon vart blant anna relatert til skjulte drivkrefter, og den viktigaste drivkrafta er samfunnets kapitalistiske system. Den teoretiske grunntanken var at endringar i menneska sine relasjonar til produksjonssystemet saman med ubalanse i makt og i den romlege økonomiske utviklinga driv menneska til flytting. Klassesdeling og patriarkalske strukturar ligg óg som skjulte krefter i forståinga.

Sjølv om migrasjon no vart koplta til samfunnsmessige relasjonar og strukturar var likevel subjektforståinga mangelfull i denne tenkinga. Problemet er at migrantane vart redusert til uartikulerte objekt i samfunnet. Dermed vart menneska sin refleksive og kyndige karakter (Giddens 1984, Fosso 1997), deira sosiale karakter og deira kontekstuelle meiningsrelasjonar

utelatne – både i teori og i dei empiriske analysane (Aase 1998, Boyle & Halfacree 1998). Av slike grunnar har det i dei siste tiåra vorte argumentert sterkt for nye teoretiske måtar å forstå migrasjonsprosessar på. Boyle & Halfacree har blant anna hevda at: *”migration should be regarded more as a ‘biographical experience’, than as a tightly circumscribed instrumental action”* (1998:2).

Ei slik tilnærming inneber at migrasjon må forståast som ein biografisk konstruert prosess, og at valet om å migrere er eit uttrykk for erfaringar og konstituerte meiningar både frå fortida og notida i tillegg til intensjonar og forventningar som er vevd inn i tankar om framtida. Migrasjon er ikkje ei rein instrumentell og målretta åtferd kopla mot økonomiske vinningar. Ei biografisk tilnærming vil heller legge vekt på menneska sin identitet, deira kontekst, og dermed dei kvardagslege erfaringane, meiningane og praksisane som migrantane er ein del av. Slik fangar ein og den kompleksiteten migrasjonsprosessar og -praksisar er prega av.

Migrasjonspraksisar vil til dømes vere forankra i stad, i stader sine biografiar og i menneska sine biografiar og kvardagsliv. Eit viktig teoretisk spørsmål vert då korleis den romlege dimensjonen *stad* skal handsamast for å kunna inngå som forståingsgrunnlag i migrasjonspraksisar. Også erfart eller tileigna kunnskap og meiningar om andre stader må vere del av forståinga. Ein stad har alltid utstrakte sosiale relasjonar og koplingar (Massey 1995), og disse relasjonane må handsamast i teoretiske så vel som empiriske analysar.

Det ontologiske utgangspunktet i spørsmålet om staden og den romlege dimensjon sin plass i migrasjonsforståinga må vere at migrasjon vert forstått og handsama som sosiale praksisar (Giddens 1984, Simonsen 1993). Sosiale praksisar er alltid skapt i rom, som både kan vere lokalt og ”utenomlokalt” forankra. Ikkje berre rom, men også tid må vere del av migrasjonsforståinga. Derfor har óg biografiske metodologiar og tilnærminga fått ein sentral plass i nyare teoriar. I biografiar vert tid og rom del av menneska sin kontekst, og begge omgrepa (tid og rom) må handsamast som sosiale konstruksjonar som kontinuerleg vert produsert, reproduert eller endra i samspel med sosiale prosessar og praksisar (Simonsen 1993). Rom og tid er ikkje ”ferdige” bruksprodukt (Giddens 1984, Fosso 2000, Goodwin 1999, Simonsen 1993), men dynamiske fenomen som stadig vert konstruert, reproduert eller endra (Simonsen 1993).

Spørsmålet er likevel korleis ein forskingsmessig skal fange rommet og tida sin betydning og relevans? Skal ein forstå rommet og tida sin relevans må som sagt sosiale praksisar vere det analytiske utgangspunktet (Simonsen *ibid.*). Samstundes må rom og tid handsamast som sosiale fenomen, som både er konstituert av og verkar konstituerande på sosial praksis. Simonsen argumenterer for at rom og tid er integrerte delar av sosial handling (og migrasjonspraksisar), og *rom* i Simonsen si forståing, er eit sosialt konstruert og dynamisk fenomen som både kan framstå som materialiserte, sosiale og mentale meinings- og bruksdimensjonar. Slik vert og rom og stad til ein meiningsberande og aktiv kontekst (Thrift 1996).

Shields (1991:13) nyttar omgrepet "*social spatialisation*", eller sosial romleggjering, for å syne korleis rommet er ein sosial konstruksjon samansett av blant anna romlege førestillingar og kollektive mytologiar. Dei romlege førestillingane og mytologiane er både meiningsdimensjonar og bruksdimensjonar i sosiale praksisar. Altså både skapar og brukar handlande aktørar rommet – både gjennom diskursive og ikkje-diskursive handlingar. Shields nyttar blant anna omgrepet stadsmyter eller "place images" for å illustrera staden sin betydning for sosiale handlingar. Myter om stader, seier han, vert produsert og konstituert gjennom kulturelle kategoriseringar, og kategoriseringar av stader skjer ofte etter dualismar av typen marginalt/sentralt, nord/sør, høgt/lågt osv. Slike dualismar vert og del av hegemoniske tanke-system og førestillingar som menneska brukar i si sosiale praksis (Shields 1991, Hall 1997, Crang 1999, Cresswell 1996). Shields (*ibid.*) seier vidare at mytar sjølvstøtt ikkje handlar om korleis stader faktisk er, men at førestillingane likevel inneheld ein kjerne av realitetar. Hovudpoenget er at: "*Images do not just reflect reality but shape actions, experiences and beliefs*" (Crang 1999:60). Romlege mytologiar vil i ein slik tankegang både vere del av og verte eit "produkt" av praksisar – også migrasjonspraksisar.

For å forstå den sosiale romleggjeringa, eller korleis rom vert del av sosiale praksisar og der praksisar produserer og reproduserer rommet, opererer Simonsen (1993) med tre romlege og tidsmessige dimensjonar (jamfør fig. 1). Den fyrste dimensjonen kallar ho for *institusjonell romleg praksis*, og denne omfattar strukturnivået eller det kollektive nivå i samfunnet. Dimensjonen kan dekkje både økonomiske og politiske strukturar, samfunnsmessige institusjonar, makt, reguleringar og kontroll. I migrasjonsforskning kan denne romdimensjonen til dømes koplatt til korleis økonomisk praksis på ein stad har institusjonalisert gitte relasjonar, arbeidsdelingar og kvardagspraksisar, men óg til korleis

historiske migrasjonstradisjonar vert institusjonalisert som ”normalitet” eller som normale praksisar på stader. Slike institusjonaliserte romlege strukturar fungerer både som ein meningsstruktur og som ein ”retteleiar” som vert tolka, brukt og reproduisert av kvardagslivets aktørar.

<b>Tid</b>			
<b>Rom</b>	Longue durée	Dasein (livstid)	Dagligdagens durée
Institusjonell romleg praksis	<b>Historisk geografi. Sosioromleg utvikling.</b>	Livsstrategiske val i ein romleg kontekst.	Daglige rutiners geografiske betingethet.
Place	Lokalhistorie, kultur, tradisjon.	<b>Identitet. Biografier i tid og rom.</b>	Romleg baserte ”selvfølgeligheter”.
Individuell romleg praksis	Romlege praksisar si historisk betingethet.	Romlege praksisar si påverknad på livsval.	<b>Daglege tidsromlege rutiner (tidsgeografi).</b>

Figur 1. Tid, rom og sosial praksis (Etter: Simonsen 1993, Fosso 2000).

Aktørane, eller subjekta, vert kopla til ein annan dimensjon ved rom – den *individuelle romlege praksis*. Denne kategorien omfattar individ og grupper av individ sine praksisar og kvardagsliv. Våre kvardagslege praksisformer inneber ein kontinuerleg bruk og tileigning av det sosiale rommet. Denne tankegangen har klare koplingar til Giddens (1984) sitt omgrep *locale*. Dette omgrepet og denne dimensjonen kan óg koplust til korleis ein i forståing av migrasjonspraksisar må trekke inn kvardagslivet og den kvardagslege produksjon av seg sjølv (identitet) og av livsløpet.

Denne forståinga fører oss over på den siste dimensjonen ved rom, som Simonsen kallar *place* eller ”det levde rom”. Dette er ein eksistensiell kategori og omfattar individa sitt medvit, refleksjon, førestillingar og bruk av rommet. Dimensjonen kan til dømes innehalde element av medvitsformer, identitet og kulturell erfaring og kunnskap. Rom som *place* kan og tolkast som møtepunktet mellom det institusjonelle og strukturelle og det subjektive og individuelle – som ein ”structure of duality” og som ein ”spatial duality”. I tillegg kan dimensjonen sjåast som eit møte mellom lokale og globale prosessar og relasjonar (Massey & Jess 1995).

Interaksjonen mellom dei tre sosiale dimensjonane ved rom er viktig og sentralt, og kjem til uttrykk gjennom omgrepa ”*lokalitet*” og ”*locale*” (Simonsen 1993:163). Desse omgrepa

poengterar at lokalitetar og kontekstar til menneska både er skapt av og står fram som eit "middel" for sosiale praksisar – også migrasjonspraksisar. Dei tre romlege dimensjonane er såleis formidlingskategoriar mellom strukturar og praksisar.

Simonsen si teoretisering har og gitt rommet eit *dynamisk preg*; det endrar seg kontinuerleg gjennom sosial praksis. Dette vert og illustrert gjennom tre tidsdimensjonar (Simonsen 1993, figur 1), som alle vil vera sentrale i ei biografisk forståing av migrasjon. På same måte som rom, er tid ein formidlingskategori mellom samfunnsmessige strukturar og menneskelege handlingar. Dette gjer relasjonane mellom dei tre tidsdimensjonane i sosial praksis sentrale.

Den fyrste tidsdimensjonen er institusjonane si historiske tid eller "*longue durée*" (Giddens 1984). Simonsen (ibid.) seier at menneska sin eksistens i samfunnet fyrst og fremst er historisk og knytt til institusjonane sine overordna utviklingsprosessar og utstrekningar i tid. Dette omgrepet viser til at sosiale institusjonar og tradisjonar har eit lengre tidsperspektiv enn individa si livstid. Institusjonar og veremåtar forandrar seg altså ikkje "over natta". Veremåtar i dag har alltid røter inn i fortida. I eit spørsmål om migrasjon er det og lett å tenkje seg at ein stad sin historiske tid i form av tradisjon for migrasjon vil vera viktig for forståing av migrasjon i notida.

Livstida eller biografien til menneska set Simonsen i samanheng med omgrepet "*dasein*". Dette omfattar element av identitets- og meningsproduksjon, som altså vil vera forankra i ulike romlege og tidsmessige dimensjonar; ikkje minst til "*dagligdagens durée*" som omhandlar tidsbruk og rutinar for å oppretthalde kvardagslivet. Det er viktig i denne tankegangen at sosial tid og sosialt rom ikkje kan sjåast på som enkelte isolerande dimensjonar, men som i ei tett samankopling der ein kan finn tre klare analytiske nivå (jamfør utheving i fig. 1). Kva for analytisk nivå ein arbeider innanfor er avhengig av kva for problemstilling ein ynskjer å analysere, men sosial praksis er heile tida den analyseininga ein opererer innanfor.

Dersom ein legg Simonsen sin praksisontologi og romlege teori til grunn i migrasjonsforskning, vil livsbiografiar i tid og rom stå sentralt. Livsbiografiar vil også verta kopla til eit geografisk, sosialt og kulturelt system av meningar, idear, tankar og førestillingar.



Korleis skal ein då ”fange” dei geografiske, sosiale og kulturelle systema eller meiningsdimensjonane som organiserer og regulerer sosiale praksisar? Hall (1997) seier at meining vert produsert og sirkulert ved hjelp av *språket*, som igjen vert formidla ved hjelp av representasjonar. Representasjonar betyr å bruke språket for å seie noko meiningsfylt om verda eller for å representere verda meiningsfylt til andre menneske. I studiar av språk vert semiotikk kopla inn. Semiotikk handlar blant anna om studie av *teikn* og korleis teikn får meining. Teikn gjer òg den konteksten som handling inngår i ”synleg” for oss, seier Fossåkaret (1997). Gjennom semiotiske analysar og diskursanalysar (Jørgensen og Phillips 2000) kan ein både få innsikt i og forståing av korleis menneska er del av eit større system og korleis dei ser på seg sjølv (identitet) og sine sosiale praksisar.

Semiotikken og diskursanalysar er altså eit nyttig hjelpemiddel i forståing av migrasjon som geografiske, sosiale og kulturelle handlingar. Ei tilnærming som tek utgangspunkt i språket vil også vere opptekne av menneska sine eigne kategoriar, tolkingar og verdiar, eller det Alvesson og Sköldbberg (1994) kallar for ”vivo-kategoriar”, men samtidig vil ”vitro-kategoriar” verta utvikla i tråd med ei teoretisk forståing av samfunnsfenomen. Også Shields (1991). Hans forståing av rom og stad opnar også opp for ei tett kopling mellom rom og identitetsproduksjon, der rom på lik linje med Simonsen (1993) si teoretisering får ei sentral tyding i utforming av vårt sosiale liv. Både meining og identitet vert konstituert med referanse til det romlege. Blant anna vil alltid ein stad vere til for *noko* og for *nokon*, seier Shields (ibid.). Dette gjev for det første ein stad ei form for symbols makt (Cresswell 1996 samt Agnew, James og Duncan 1989), samtidig som stader i det menneskelege medvit vil verta ordna i ”hierarkiske” system på grunnlag av identitetar. Måten me brukar, relaterar og knyt oss til ein stad vil også handle om i kva grad din identitet og dine val ”harmonerer” med dei representasjonane og hegemoniske førestillingane ulike stader har fått bunde til seg. På denne måten blir også stader brukt i forteljingar om seg sjølv; eller i forteljingar om kven ein er (oss) og kven ein ikkje er (dei), kor ein høyrer til (her) og kor ein ikkje høyrer til (der) osv. Det er blant anna dette Rose (1995) omtalar som ”*identifying against a place*” som betyr at ein konstruerer seg sjølv og si tilhøyre til stad gjennom distinksjonar til andre og til andre sin stad. Rose sine teoretiske tankar er langt på veg basert på Said (1995) sine analysar av orientalismen og korleis vesten har konstituert seg sjølv gjennom kategoriseringar av orienten.


Så langt har denne artikkelen vore ei vandring i teoretiske diskusjonar – frå dei tradisjonelle tilnærmingane til migrasjon og over mot ei abstrakt diskusjon om romlege dimensjonar si

plass i forståing av praksis og identitetar. Formålet med denne vandringa i abstrakt teori har vore å skape ein plattform av relasjonelle og prosessuelle teoriar og omgrep som kan gje geografisk forståing av migrasjonspraksisar. Frå dei teoretiske diskusjonane er særleg fire grunntankar viktig å ta med seg i dei empiriske analysane. For det fyrste at migrasjon er ei sosial praksisform, der menneska handlar som kyndige samfunnsaktørar. For det andre at migrasjon må handsamast som ei biografisk erfart og uttrykt handling. Dette utgangspunktet set eit tredje krav om ei kopling mot kontekst, rom og stader. I arbeidet med denne samankoplinga er Simonsen (1993) si teoretisering av korleis tid og rom vert del av sosiale praksisar nyttig. Hennar teoriar, saman med Shields (1991) sine teoretiseringar om sosial romlegging og myter om stad, opnar i tillegg opp for ei kopling mellom migrasjon, identitet og romlege tolkingar og kategoriseringar. Migrasjon vil altså for det fjerde alltid vera eit spørsmål om identitet – både eigenidentitet og identitet kopla til stader.

Nokre av disse teoretiske tankane vil i det fylgjande verta eksemplifisert gjennom ei empirisk analyse som søkjer forståing av kvifor (e)migrasjon oppstår i eit fiskerisamfunn i nordvest Spania. Andre viktige spørsmål er kva for meiningar som er knytt til migrasjonspraksisar og korleis meiningar vert konstruert og konstituert i ein romleg kontekst – ein kontekst som migrantane brukar og produserar i sine kvardagslege praksisar. Anlysen diskuterer òg den innverknaden migrantar sine forhold og relasjonar til heimstaden har i forståinga av kva for meining som er knytt til å migrere og kvifor nye migrasjonspraksisar oppstår på ein gitt stad.

### **Muros i Galicia**

Empirien er henta frå staden Muros som er lokalisert i den autonome regionen Galicia i nordvest - Spania. Regionen har eit innbyggjartal på omtrent 2,7 millionar som utgjer cirka 7% av den totale spanske folkesetnaden (Xunta de Galicia 2001). Galicia har ei lang kystsona med fleire fjordar eller "*rias*" (jamfør fig. 2). "*Rias*" er næringsrike fiskeområde, og dei praksisane som har vakse ut av fiskerinæringa og dei nære havområda har sett og set sitt preg på både regionen og staden Muros.



Figur 2. Regionen Galicia og dei fire provinsane.

Tettstaden Muros ligg i ”*Ria de Muros y Noia*” i provinsen La Coruña (jamfør fig. 2). Staden har omtrent 3000 innbyggjarar, medan det i kommunen bur omlag 10.000. Mesteparten av kystfisket føregår i ”*la ria*”, eller fjorden. Det kjølege og næringsrike vatnet er ein viktig føresetnad for dei ressursrike fiskeriområda, og har tradisjonelt sett danna grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i regionen (Hersoug 1993). Tilknytning til fiskerinæringa pregar også staden Muros (Fløysand og Fosso 1998). Sentralt på hamna finn ein ”*la lonja*”, ein auksjonshall for omsetning av fisk. Oppdrett av blåskjel er òg vorte ein næringsveg i lokalsamfunnet. Fiskerinæringa er viktig både økonomisk og sosialt. Næringa både skapar arbeidsplassar og opprettheld busettinga og kvardagslivet langs kysten. I dag sysselset likevel servicenæringa flest yrkesaktive i Muros. Turistnæringa er i tillegg vorte ei viktig inntektskjelde, og i sommarhalvåret vert folketalet nærast dobla i forhold til resten av året.

Sidan midten av 1800-talet har regionen hatt tradisjon for migrasjon (Ettema 1980). Til dømes syner tal frå fylkesadministrasjonen (Xunta de Galicia 2001) at i perioden 1860 til 1970 emigrerte 1,2 millionar galisarar. Staden Muros er også ein del av denne omfattande galisiske praksisen. På heile 1990-talet var det til dømes ein jamn straum av emigrantar. Denne nådde ein topp i 1997 då nærare 350 flytta frå staden.

Samstundes er migrasjonspraksisen prega av utstrekt tilbakeflytting, eller *"los retornados"* som dei vert kalla lokalt. Dei offisielle tala frå Galicia viser at det mellom 1988 og 1997 var meir enn 40.000 som vende attende til regionen. Denne utviklinga vert også reflektert i ein jamn auke i talet på immigrantar til staden Muros. Då staden ikkje berre er prega av utflytting, men og tilbakeflytting må begge disse migrasjonsprosessane vera del av forståinga av migrasjon og del av den empiriske analysen av migrasjonspraksisar i Muros (Holsen 2001). I det fylgjande vil heile migrasjonsprosessen verta nærare analysert.

### **Migrasjonspraksisar og førestillingar og mytologiar om staden Muros**

Når informantar fortel om migrasjonspraksisar på staden Muros er *"Todo el modo"* ei vanleg uttryksform, og den viser til ei lokal oppfatning om at alle hus på staden har ein eller annan som har vore utanlands. Andre informantar legg til at *"eg har fleire migrantar i familien min, slik det er vanleg i dei fleste galisiske familiar"*. At *alle* har relasjonar til migrasjonspraksisen fortel oss noko om kor *normal* denne praksisforma vert opplevd. Men kva som er normalt handlar óg om det som ikkje er normalt og om mening knytt til praksisforma og migrasjonskultur på staden Muros. Langt på veg kategoriserar innbyggjarane i Muros migrasjon som *"heilt normalt"*, og denne normaliteten vert hovudsakeleg relatert til den lokale fiskar- og sjømannstradisjonen som historisk sett har prega og konstituert staden (*"institusjonell romleg praksis"*). Staden si historiske tid (*"longue durée"*) handlar med andre ord om at fiskar- og sjømannslivet har konstituert ein praksis for å reise bort frå heimstaden i lange periodar. Denne forståinga handlar altså om korleis dei historiske romlege og tidsmessige dimensjonane på ein stad vert til del av notidige migrasjonspraksisar (jamfør fig.1).

Fiskar- og sjømannstradisjonen har og klare parallellar og likskapstrekk med dei migrasjonspraksisane som denne analysen omhandlar – nemleg dei som har emigrert til eit anna land, men likevel har sterke koplingar til oppvekststaden (jamfør *"los retornados"*). Både fiskar- og sjømannstradisjonen og dagens migrasjonspraksisar inneber *"å reise ut"*, men samstundes om å kome *"heim"* til lokale forankringar og røter på staden. Lokale forankringar er kopla til identitet og til familie og vener på staden. På mange måtar har staden sin biografi vorte del av menneska sin biografi (*"dasein"*), og denne samankoplinga mellom stad og identitet har blant anna konstituert migrasjon som ein normalitet, og denne normaliteten har vorte internalisert i livet og kvardagslivet sine meningsstrukturar (*"dagligdagens durée"*). Livet sine meningsstrukturar fungerer og som rettesnor i ulike val- og handlingssituasjonar.

Fiskerinæringa og det sjølivet som pregar staden Muros er ikkje berre ein viktig kontekst for forståinga av kvifor staden er prega av "tradisjon" for å reise ut/migrere, den er og viktig for staden si mytologi og "place images" (Shields 1991). Næringsvegen har blant anna konstituert staden som ein *fiskeristad*. Dette gjev staden ei form for symbolsk makt der staden sin "image" inngår i språklege system som konstituerar kven og kva staden tilhøyrrer (Fosso 1997). Stader er alltid til for *noko og nokon*, seier Shields (ibid.), og blant intervjua emigrantar er staden Muros til for dei som vil verta fiskarar. Slik har og staden Muros fått tilført ei symbolsk makt gjennom dei hegemoniske førestillingane som menneska knyt til staden. Slike stads førestillingar skapar både praksisar, erfaringar og tru (Chrang 1998). Dette vert tydeleg illustrert når informantane fortel om sine forståingar og meiningar om kva for moglegheiter og restriksjonar *staden representerar*. Migrantane sine forståingar av arbeidsmoglegheiter lokalt handlar utelukkande om fiskerinæringa. Dei snakka *aldri om dei andre næringsvegane på staden*. Fiskerinæringa si mytologiske dominans fungerer som ei slags "medvitssperre" som blokkerar synet for å sjå andre arbeidsmoglegheiter og næringar på staden. Informantane sine forteljingar om kvifor dei valte å emigrere vart derfor sentrert kring dei "*manglande moglegheiter*" som *fiskerinæringa* representerer lokalt. Slike representasjonar er fyrst og fremst knytt til ressursproblem i fiskerinæringa, men samstundes til dei konnotasjonar som arbeid i fiskerinæringa har fått hefta ved seg. Gjennom erfaringar frå fortida – til dømes gjennom forteljingar frå ein far - har "*manglande moglegheiter*", "*låg inntekt*", "*hardt*", "*slitsamt*" og "*farleg arbeid*" vorte konstituert som hegemoniske meiningar knytt til fiskaryrket. Slike negative konnotasjonar er og del av ein lokal diskurs og kvardagskontekst, og vert på denne måten internalisert i menneska i Muros sitt medvit og meiningsunivers som pregar avgjersla om å emigrera.

Samstundes er informantane si negative konstituering av arbeid i fiskerinæringa eit spørsmål om identitet. På sett og vis vert både fiskerinæringa og fiskeristaden kategorisert som å tilhøyra "*dei andre*" - dei som identifiserar seg med å vera fiskar og aksepterar at arbeid skal vera "slit". Det er slike sosioromlege prosessar som Shields (1991) omtalar som kopling mellom identitet og sosial romleggjering; der menneska produserer og konstituerer kulturelle kategoriseringar og førestillingssystem som vert brukt i ulike praksisar.

Eit viktig poeng så langt i analysen har vore å får fram at staden sine historiske praksisar og tradisjonar er viktig for å forstå dagens migrasjonspraksisar. Den historiske tida gjev og

mening til staden sine mytologiar ("place images"). Staden er konstituert som ein *fiskeristad* og tilhøyrer dei som finn mening i eller kan identifisera seg denne næringa. Staden forstått som ein fiskeristad gjer at migrantane ikkje har sett andre moglegheiter for arbeid enn i fiskerinæringa. Dei som ikkje identifiserar seg med fiskerinæringa og med fiskeristaden vel heller å emigrera, og migrasjon vert såleis eit uttrykk for *distinksjon*. Det er her viktig å presisere at valet om å flytta ikkje handlar om reell mangel på lokalt arbeid, men heller om informantane sine førestillingar og mytologiar om kva staden kan "by" saman med ein prosess av identifikasjon og distinksjon med næringa og staden. På denne måten vert og arbeid i den lokale fiskerinæringa og fiskeristaden konstituert som å tilhøyre "dei andre".

Så langt har analysen av lokale romlege representasjonar vist korleis dominerande meiningar og førestillingar om den *lokale staden* (her) vert del av valet om å migrera. Dette handlar ikkje om ei rein subjektiv vurdering av ein stad si nytte, eller vurderingar av "place utility" (jamfør Wolpert 1965), men heller om konstruksjon og konstitusjon av meningssystem som skapar erfaringar, tru og migrasjonshandlingar (Crang 1999).

### **Migrasjonspraksisar og førestillingar og mytologiar om rommet "der ute"**

Ikkje berre lokale, men og utstrakte romlege relasjonar er viktige i forståinga av kvifor folk vel å emigrera. Staden Muros sin tradisjon for migrasjon har blant anna etablert både relasjonar, kontaktar og erfaringar med omverda. "*Dei som flytta ut skreiv alltid tilbake til familien og vener – så flytta dei etter*", fortel ein informant.

Sentralt i Muros-konteksten og i denne analysen er det at migrantane ikkje har flytta til *eit* spesifikt land eller til *ein* spesifikk stad. Kor folk emigrerte har alltid endra seg: "*Ein såg alltid etter sjansar for kor ein kunne reisa*". Uavhengig av om migrantane har reist til ein spesifikk stad eller ikkje, er likevel romlege representasjonar og relasjonar avgjerande for forståinga av kvifor dei reiste. Til dømes har tradisjonen tilsagt at familie, vener eller kjente har flytta "før dei", og slike praksisar skapar romlege relasjonar og diaspora-kontaktar. Desse utstrakte romlege relasjonane gjer migrasjonsvalet lettare for "alle". Utstrakte romlege relasjonar skapar òg grunnlag for menneska sin konstruksjon av førestillingar og mytologiar knytte til kva for moglegheiter som finst "*der ute*".

Førestillingane om livet og rommet "der ute" vart av migrantane fyrst og fremst knytt til språklege utsegn som at det var *større* moglegheiter ute enn lokalt. *Betre* tilgang på arbeid

og betre løn er døme på romlege representasjonar som folket i Muros knytte opp mot valet om å migrere. Også *større* fridom og eit betre materielt liv er etablerte førestillingar innbyggjarane knytter til migrasjon og det livet migrasjon representerar. Slike forteljingar og kategoriseringar er også eit døme på korleis myter om rom vert til kulturelle kategoriseringar som vert konstituert gjennom språklege *dualismar*. Til dømes vert ”rommet der ute” plassert *høgare* i eit hierarkisk system av stader (Shields 1991). ”Der ute” er det *betre* tilgang på arbeid og det er *betre* lønn *enn* i Muros. I tillegg er fridomen *større* og moglegheitene *fleire* osv.

Migrasjonshandlinga kan såleis forståast som ei ”spenning”, ”forhandling” og kategorisering av ulike romlege kontekstar. Kategoriane handlar fyrst og fremst om språklege dualismar og om binære opposisjonar knytt til ”her” og ”der ute” (jamfør fig. 3). I dette spenningsfeltet vert rommet ”der ute”, eller utlandet, kategorisert som noko ”*distinkt anna*” enn Muros, og å emigrere vert forstått og teiknsett som at livet *vert lettare enn eit fiskarliv i Muros*.

Migrasjonen si ”heilskapsforståing”, eller metonym (Heradstveit og Bjørgo 1992), kan på denne måten reduserast til ei forteljing om det ”*det gode liv*”. Shields omtalar slike metonym som ei varig ”kjerneførestilling” som ikkje vert bytta ut gjennom periodiske straumar i samfunnet. Men eit viktig oppfølgingsspørsmål må vere korleis eit slikt metonym eller hegemonisk førestilling av rom og migrasjon vert skapt?

Det er tidlegare påpeikt at utstrakte romlege relasjonar (Massey 1995 Valentine 2001) skapar kunnskap og førestillingar om kva som finst av mogelegheiter ”der ute”. I tillegg er migrantane si sterke kjensle for ”oppvekststaden” Muros eit viktig moment for forståing av korleis meining vert knytt til å emigrere. Migrantane fortalte om regelmessige kontaktar og

”HER”	”DER UTE”
Ikkje arbeid	Arbeid
Dårleg inntekt	God inntekt
”Pesetas”	”Dollar”
Få materielle godar	Fleire materielle godar
”Det vante/tradisjonelle liv”	Fridom og opplevingar
”Hardt liv”	”Betre liv”

Figur 3. Binære opposisjonar mellom ”her” og ”der ute” i Muros.

vitjingar på heimstaden. I tillegg var tilbakeflytting eit velkjent fenomen ("los retornados"). Alle disse kjenneteikna på migrasjonspraksisen er viktige for forståinga av migrasjonsprosessen og dei er viktige for forståinga av den meining som vert knytt til migrasjon og til rommet. Dette vert nærare illustrert i det fylgjande.

### **Stadsidentitet i ein migrasjonskontekst**

Relasjonar til familie og vener i Muros , bruk av Muros som feriestad saman med tilbakeflyttarpraksisen, er viktige dimensjonar for forståinga av kva migrasjonspraksisen og livet "der ute" representerar. Også ei forståing av migrantane sin stadsidentitet er viktig, ikkje berre fordi mange flyttar både frå og tilbake til Muros, men òg fordi migrantane si identitetskjensel med oppvekststaden ("*place of origin*") er viktig for forståing av deira tilbakeflytting, og viktig for forståing av korleis meiningar knytt til migrasjon og rommet vert produsert i den lokale konteksten.

For å forstå kvifor mange vel å kome tilbake til Muros må ein fyrst få ei forståing av kva for tilknytning migrantane hadde til migrasjonsstaden – eller staden dei migrerte til. Vi har tidlegare illustrert at mange flytta *frå* Muros med ei implisitt meining om at livet der ute var *betre*. Likevel gjekk dei som innflyttarar til ein ny stad inn i ein "tilstand" der kopling mellom identitet og staden dei flytta til vart irrelevant. Rose (1995) omtalar dette som ein tilstand av "*not identifying*". Denne kjensla var blant anna grunna i sterke identitetskjensler med ein annan stad – *heimstaden* Muros.

Opplevinga av å vere framand på tilflyttarstaden var utbredt, og denne kjensla prega migrantane sine forteljingar om tilflyttarstaden: "*Eg kunne ikkje forstå dei menneska. Dei kunne ikkje forstå korleis eg lever*". Opplevinga av å vere "*out of place*" (Cresswell 1996) var sterk, og kjensla av at staden dei kom til tilhørte "dei andre" og dei som var "*in place*" var framtrede. På migrasjonsstaden arbeidde likevel migrantane dagleg for å skapa ei form for "innaforheit" i den "utanforkonteksten" dei tok del i. Tydelege teikn på slike kvardagslege praksisar var migrantane sine tette sosiale relasjonar til andre galisiske migrantar på tilflyttarstaden. Dei fortel og om bruk av gallego/spansk språk i *motsetnad* til å læra det nye språket. Og den galisiske identiteten vart reproduisert og konstituert i "*Casas de Galicia*" på tilflyttarstaden. "Galisiske hus" var migrantane sin møtestad, og ein stad der språk og sosiale og kulturelle tilstellingar var ei kjelde for vedlikehald av den galisiske



identiteten. "Casas de Galicia" var såleis eit romleg "bruksmiddel" for produksjon av "in place" i ein tilstand der dei ellers følte seg "out of place". På denne måten vert både mening kopla til stad og identitet konstituert med referanse til det romlege.

Også regelmessige feriereiser til Muros kan sjåast som eit uttrykk for korleis dei brukar rommet som eit middel til vedlikehald og reproduksjon av identitetskjenninga med heimstaden. Poenget her er likevel å få fram at migrantane sin galisiske identitet og kjensler for heimstaden Muros vart synleg gjennom kvardagslege praksisar på tilflyttarstaden. Denne identitetserkjenninga vert uttrykt gjennom ulike identifiserings- og distinksjonsprosessar. Rose (1995) omtalar dette som å identifisere seg *mot* ein stad ("*identifying against a place*"). Det vil seie at ein skapar sin eigen identitet og si tilhøyre til stad gjennom ein kategoriseringsprosess, der menneska skil mellom oss og dei, mellom her og der eller gjennom ein "*process of othering*".

Eit viktig trekk ved all identitetsforming er korleis "oss" vert definert i forhold til "*dei andre*". Identitetsproduksjon er både eit uttrykk for å identifisere seg med og mot andre. Det handlar om å finne skilnader mellom "*self*" og "*other*", seier Said (1995). Slike relasjonelle prosessar av identifikasjon og distinksjon gjeld og for konstruksjon av stadsidentitetar (Rose 1993, Said 1995). Migrantane frå Muros distanserte seg til dømes *frå* migrasjonsstaden gjennom praktisering av galisisk identitet i "Casas de Galicia", samtidig som dei identifiserte seg *med* heimstaden Muros gjennom ein prosess av distinksjon og identifikasjon. Denne "*otherness-prosessen*" etablerer samstundes sterke og kanskje sterkare identitetskjenningar til heimstaden enn dei hadde *før dei emigrerte*. I utlandet vart heimstaden bunde saman med sterke identitetskjenningar. Muros vert i denne identitetsproduksjonen konstituert som *heimstaden* - der dei har "røter", der dei er seg sjølv og finn ei ro som kan kallast "heime". Denne kjensla for Muros kan og knytast opp mot høgt verdsette familie- og slektskapsband. Både kvardagen (*daglegdagens duree*), identiteten og livsbiografien (*dasein*) vert for mange lettare å oppretthalda på den staden dei kan kalla "heim" (jfr "*place*" i figur 1 og Simonsen 1993).

### **Den lokale produksjonen av mening knytt til migrasjon.**

Manglande identitetskjenninga med tilflyttarstaden og sterk tilknytning til heimstaden gjorde at mange emigrantar reiste ofte "heim" og etterkvart flytta tilbake. Tilbakeflyttarpraksisen og dei grunnleggande identitetskjenningane med Muros kan tolkast som eit positivt teikn med tanke på

vedlikehald av folkesetnaden og staden Muros. Men tilbakeflyttarpraksisen er og ein lokal ”romleg produsent” av meiningar og teikn, og teikn reproducerer nye meiningar knytt til migrasjon og nye migrantar på staden.

I Muros vert tilbakeflytta migrantar til symbol på det ”*det gode livet*” som migrasjon representerar - altså det *metonymet* og det hegemoniske tankesystemet som me tidlegare har sagt migrantane knyter til det å emigrera (jfr figur 3). Når tilbakeflytta migrantar vert til symbol på det gode liv, er dette fordi tilbakeflyttarar har investert i ”flotte hus” på staden. Altså har det arbeidet migrantane har hatt ”der ute” gitt ”god inntekt” og ”fleire materielle goder” enn dei som normalt finst på staden Muros (jfr. figur 3). Migrantane sine hus vert slik til lokale teikn som gjev uttrykk for migrasjonspraksisen si grunnleggande meining.


Etablering av lokal næringsverksemd er og ein vanleg praksis blant tilbakeflytta migrantar. Mange brukar opptente pengar til å etablere familiebedrifter som butikkar og barar. Slik praksis aukar og den moglegheten og sosiale statusen som migrasjon kan gje, og dette vert og del av migrasjonen si meining. Dessutan vert migrantane sitt ferieliv - til dømes ”kvar dag” å kunne ete på restaurant - tolka av folket i Muros som teikn på det gode livet som migrasjon representerar.

### **Avslutning – migrasjon som ein ”romleg runddans”.**

I denne artikkelen har migrasjonspraksis vorte teoretisk og empirisk diskutert som ein sosial og romleg praksis. Utgangspunktet var at migrasjon må knytast opp mot biografiar. Det vil seie at migrasjon må relaterast til både forteljingar om stad, rom og identitetar. Staden og rommet si rolle i produksjon av migrasjon har vore sentral i analysen. Dei teoretiske diskusjonane har blant anna handla om korleis omgrepet rom inneheld ulike dimensjonar – både med omsyn til tid og stad. I tillegg har omgrepet ”sosial romleggjering” stått sentralt, og dette omgrepet omfattar ein prosess av meining som vert knytt til rommet. Romlege meiningar handlar om representasjonar og kategoriseringar, og romlege kategoriseringar fungerer som tankeskjemaer som menneska brukar i kvardagsleg praksis – også i migrasjonspraksisar.

Dei empiriske analysane tok utgangspunkt i folk sitt val om å flytte frå staden Muros og til eit anna land. Deira forteljingar har gitt oss innsyn i korleis meiningar knytt til oppvekststaden

og tilflyttarstaden vert brukt og inngår som del av det tankeskjemaet migrasjonspraksisen vert karakterisert av. Migrantane sine representasjonar av stad og rom framstår ofte som dualismar og binære opposisjonar, der Muros vert plassert *lågt* på eit hierarkisk system av stader. Denne kategoriseringa handlar om mytologiar og rangeringar etter tankar om høgt/lågt, dårleg/bra osv (jfr. figur 3). Medan migrantane rangerte tilflyttarstaden *høgare* enn fråflyttingstaden på *eitt tidspunkt i biografien*, vart rangeringa snudd om gjennom eiga migrasjons- og kvardagserfaring på tilflyttarstaden. På tilflyttarstaden vaks ein prosess av "othering" fram, der rom vert til ei forteljing om eigenidentitet og om tilknytning til stader. Romlege dualismar, distinksjonar og identifikasjonar skapar óg tilbakeflytting til staden Muros. Tilbakeflyttarpraksisen samt det kvardagslivet som tilbakeflytta og "ferierande" migrantar praktiserar, vert óg til lokale symbol som reproduserar ny meining om migrasjon, ny meining om ulike stader og nye migrasjonspraksisar. På denne måten kan migrasjonspraksisen tolkast som ein "runddans" mellom romlege kategoriseringar av staden "her" og "der ute" (figur 4).



Figur 4. "Runddansen" av romlege representasjonar av staden "her" og stader "der ute".

Denne sirkulære måten å forstå migrasjon på gjer migrasjon til noko langt meir enn ei enkel instrumentell handling i rommet. Forståinga av migrasjon handlar derimot om forteljingar, om meiningar og om språklege kategoriseringar – både av migrasjon, rom, stader og identitetar.

## Referansar

Aase, Tor Halfdan 1998. Migrasjonens lokale dialektikk i Pakistan. I Hesselberg J. & Magnus A. (red.): *Utviklingsgeografi*. Tano Forlag. Oslo.

- Aase, Tor Halfdan 1997. En status som passer for meg? Deltagende observasjon i Pakistan. I Fossåskaret, E., O. L. Fuglestad og T. H. Aase (red.): *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*. Universitetsforlaget. Oslo.
- Agnew, John A. & James S. Duncan 1989. *The power of place. Bringing together geographical and sociological imagination*. University Press. Cambridge.
- Alvesson, Mats og Kaj Sköldbberg 1994. *Tolkning og refleksjon; Vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Studentlitteratur. Lund.
- Blotevogel Hans H. & Anthony J. Fielding (eds.) 1997. *People, jobs and mobility in the new Europe*. Wiley. Chichester.
- Boyle, Paul, Keith Halfacree & Vaughan Robinson 1998. *Exploring Contemporary Migration*. Longman. Essex.
- Boyle, Paul & Keith Halfacree (eds.) 1998. *Migration into rural areas – Theories and issues*. John Wiley & Sons. Chichester.
- Crang, Mike 1998. *Cultural Geography*. Routledge. London/New York.
- Cresswell, Tim 1996. *In place/out of place. Geography, Ideology and Transgression*. Minnesota press. London.
- Ettema, Wim 1980. *Spanish Galicia: A case study in peripheral integration*. Utrechtse geografische studies; 18. Elinkwijk BV. Utrecht.
- Fløysand, Arnt og Eli J. Fosso 1998: *Muros – Et fiskerisamfunn i endring*. Fagrapport fra et feltkurs i Muros i Galicia – Spania, våren 1998. Rapport 1/99. Perspektiver på norsk fiskerinæring. Institutt for geografi. Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen. Bergen.
- Fosso, Eli J. 1997. *Industristeders arbeidstilbud og generasjoners forhold til utdanning, arbeid og sted – Eksempelet Årdal*. Dr. grads avhandling ved Institutt for geografi. Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen. Bergen.
- Fosso, Eli J. 2000: Lokal meningsproduksjon om industriarbeid og ungdommers praksiser. I Birkeland I. J og B. L. Hansen (red.): *Menneskers rom*. Unipub Forlag. Oslo.
- Fossåskaret, Erik, Otto Laurits Fuglestad og Tor Halfdan Aase (red.) 1997: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkinga av kvalitative data*. Universitetsforlaget. Oslo.
- Giddens, Antony 1984. *The constitution of society. Outline of a theory of structuration*. Polity Press. Cambridge.
- Goodwin, Mark 1999. Structure – agency. I Cloke P., Crang P. & M. Goodwin (eds.): *Introducing Human Geographies*. Arnold. London.
- Hall, Stuart 1997. *Representation: Cultural Representations and Signifying Practices*. The Open University. SAGE Publication Ltd. London.
- Heradstveit, Daniel og Tore Bjørge 1992. *Politisk kommunikasjon. Introduksjon til semiotikk og retorikk*. Tano A/S. Oslo.
- Hersoug, Bjørn 1993: Spansk fiskerinæring. I Holm, P. 1993. *Et marked for fisk?: om EFs fiskeripolitikk og norsk fiskerinæring*. Kystnæringen. Forlag og informasjonskontor AS.
- Holsen, Synnøve M. 2001: ”desde Galicia hasta todo el mundo”. *Om lokale migrasjonspraksisar, romlege representasjonar og stadsidentitet i ein migrasjonskontekst*. Ein studie av eit galisisk kystsamfunn. Hovedoppgåve i geografi. Institutt for geografi Universitetet i Bergen.
- Jørgensen, Marianne Winther og Louise Phillips 2000: *Diskursanalys som teori och metod*. Studentlitteratur. Lund.
- Lee, Everett 1966. “A theory of migration”. *Demography* 3:47-57.
- Massey, Doreen & Pat Jess (eds.) 1995. *A place in the World? Places, Cultures and Globalization*. The Open University - University Press. Oxford.
- Peet, Richard 1998. *Modern Geographical Thought*. Blackwell Publishers. Oxford.
- Rose, Gillian 1995. Place and Identity: a Sense of Place. I Massey, D. & P. Jess (eds.). *A Place in the World. Places, Cultures and Globalization*. The Open University. Oxford.
- Said, Edward W. 1995. *Orientalism. Western conceptions of the Orient*. Penguin Books. London.
- Simonsen, Kirsten 1993. *Byteori og hverdagspraksis*. Akademisk Forlag. København.
- Shields, Rob 1991: *Places on the margin - Alternative geography of modernity*. Routledge. London/New York.
- Thrift, Nigel 1996. *Spatial Formations*. SAGE Publications Ltd. London.
- Valentine, Gill 2001. *Social Geographies, Space and Society*. Prentice Hall. Harlow.

- White, Stephen, E. 1980. "A philosophical dichotomy in migration research". *Professional Geographer* 32:6-13.
- Wolpert, Julian 1965. Behavioural aspects of the decision to migrate. *Papers of the Regional Science Association* 15:537-58.
- Öberg, Sture. 1997. Theories on Inter-Regional Migration: An Overview. I Blotevogel H. H. & A. Fielding (eds.) *People, Jobs and Mobility in the New Europe*. John Wiley & Sons Ltd. Chichester.

**Andre kjelder:**

- Concello de Muros. Folketalstabell for kommunen Muros 1990-1999.
- Galicia Online. <http://www.galiciaonline.es>
- Instituto Galego de Estatística. Migrasjonstabellar henta frå Internett: [www.ige.xunta.es](http://www.ige.xunta.es)
- La Voz de Galicia ([www.lavozdegalicia.es](http://www.lavozdegalicia.es)). Elecciones Gallegas. Emigrantes gallegos en el mundo. Artikkel henta frå:  
[http://www.lavozdegalicia.com/especiales/elecciones\\_gallegas/emigrantes/index.jsp](http://www.lavozdegalicia.com/especiales/elecciones_gallegas/emigrantes/index.jsp)
- Xunta de Galicia ([www.xunta.es](http://www.xunta.es)) Galicia 2001, Population  
<http://www.xunta.es/xeral/cifras/english/ipob.htm>